

# Småstubber fra Bjerkreim

\*

Her finner du gode Bjerkreimshistorier som det er vel verd å ta vare på.

Historiene som fortelles her skal ikke være støtende for dem det gjelder, vedkommende må selv ha fortalt dem videre, eller ikke hatt betenkigheter av at fortellingen blir kjent av andre.

I fortellingene omtales personene bare med fornavn, for enkelhetens skyld, og for at selve fortellingen skal komme godt frem.

Andre historier er uten fornavn, det angis kun (---) i stedet for navn. Dermed kan ikke historiene spores tilbake på personene det gjelder, men er like fullt minneverdige.  
Historiene skal være sannferdige.

Les videre – god fornøyelse!

\*

## TOM VAR MED I SAUELEMMINGA

Dette var om våren, og midt i sauelemminga. Tom, en liten smågutt på garden, var svært opptatt med dette, og hvor mange lam den enkelte sauен fikk.

Så var den en dag han fikk vite at Mary Jane hadde fått en liten gutt, og det første han da sa, var: «*Fekk hu en elle to?*»

\*

## VILHELM GIKK NED I BRØNNEN

På Bjerkreim hadde de dype brønner på hver gard. Klaus og Selma hadde sin brønn sammen med Berta. Denne brønnen var 13 meter dyp, var ganske vid på toppen, og smalnet av nedover til botnen.

Så var det en dag i 1947 at Berta skulle hente vann opp fra denne brønnen. Der var en bom tvers over brønnen, inne i brønnhuset, med sveiv som ble nytta for å senke ned den tomme bøtta, og hente opp vannet med. Tauet var godt festet i bøtta, men på ett eller annet vis glapp tauet, og bøtta full av vann, raste like til botnen. Der stod Berta uten si brønnbøtte.

Dette fikk Vilhelm vite om. Han gikk til Berta og spurte om han kunne få bøtta om han klarte å hente henne opp fra brønnen. «*Nei, dæ får du inkje!*», svarte Berta. Men Vilhelm tenkte at han likevel skulle hente opp bøtta, han tok av seg skoene og sokkene, og begynte klatringen

nedover i brønnen. Han stakk tåspissene inn mellom de runde og glatte steinene langs kanten, og støtet seg med hendene. Johan stod på toppen og så på.

Da han var vel nede til vannflaten, fikk han Johan til å sende ned en rive i ett tau, slik at han fikk kroket fast bøtta som lå nede på vassbotnen, og Johan heiste bøtta opp fra brønnen.

Da Vilhelm hadde klatret opp av brønnen, gikk han til Berta med bøtta.

Siden fortalte han selv om denne hendelsen, og hvor galt det var å klatre ned hele 13 meter uten noe tau omkring seg som sikring, men slik ble det gjort, nok med litt ungdommelig overmot. Heldigvis gikk det godt.

\*

## EN KJÆRLIGHETSHISTORIE

Tolleiv og Sonja var begynt å være i lag, de var liksom blitt kjærestester. Dette syntes Ole og Olga, foreldrene til Sonja, ikke noe særlig om.

Så var det en søndag at Sonja hadde fått «husarrest», hun fikk ikke lov å gå ut. Vilhelm vandret ofte i denne heimen, nett som om han var heime. Han ble som en del av husfolket. Og Vilhelm hadde råd; han sa til Tolleiv: «*Kom her Tollei, æg ska ordna dettan!*». Så tok han Tolleiv omkring livet og inn i gangen til loftstrappa bar det. «*Nå går du jamsies mæg og i sama takte*», kviskret han, ganske stille. Og han og Tolleiv oppover trappa, med jamnfaste steg, side om side.

Da de var kommet opp trappa, sa Vilhelm høgt og tydelig; at nå Sonja, fikk hun ha det for i kveld, og banket så i soveroms-veggen til Ole og Olga; «*Det er bara meg!*». Så gikk han ned trappa igjen med tunge skritt. Det skulle ikke være noen tvil om at Vilhelm gikk ut av huset igjen. Men at Tolleiv var blitt igjen, skulle ingen få vite.

\*

## KARL FIKK BÅDE GARD OG KONE

Denne historien er fra 1910. Karl hadde vært i Amerika noen år, og hadde etterpå fått seg arbeid på Gjedrem som tjenestedreng. Dette var hos Karen. Hun var blitt enke for tre år siden og bodde sammen med sine tre voksne døtre; Hanne, Thea og Teoline.

Karl tenkte å reise tilbake til Amerika, og begynte å forberede seg på denne reisa. Dette fikk Karen høre. Så var det en dag at hun bad Karl komme inn i kammerset, hun ville så gjerne snakke litt med ham om denne Amerikareisa.

De gikk begge inn i kammerset. Karen sa så sant var, at det var veldig leit at Karl ville fara, han var slik en dugelig god arbeidskar som de hadde bruk for. «*Æg tru au atta Teoline liga deg. Du skal få alt dæ du vil ha, både Teoline og heile garden om du ønska det!*», sa Karen. Dette kunne ikke Karl stå imot, og enden ble at han lot hele Amerikareisa fara, og vart værende på Gjedrem. Året etter giftet de seg, Teoline og Karl, og han fikk garden som avtalen var. Historien fortalte Karl selv etter at han var blitt enkemann 60 år etter, en historie som var ganske ukjent for alle.

\*

## HJEMREIS PÅ BUSSTAKET

Denne historien er fra 1959. I den tiden var det dansemoro på Lutherbakken, mellom Malmei og Espeland. Dette var samlingsplassen for ungdommer i bygda. Så var det slik at ingen av ungdommene hadde egne biler i den tiden, det vart satt opp buss fra Bjerkeim som kjørte oppover bygda og tok med seg ungdommer underveis. Bussen vart stappende full, og mange måttestå i

bussen.

En sommerdag det var dans på Lutherbakken kjørte Johan bussen sin denne ruta. Han kjørte fra Heia og samlet opp ungdommer etter vegen, og vel framme på Lutherbakken parkerte han bussen rett ned i vegen. Der stod bussen til dansen var slutt, og alle skulle på heimveg igjen. Da det var slutt, omkring midnatts åpnet han opp bussen, og ungdommene kom inn etter hverandre. Men det var mange som skulle være med, og alle var slett ikke de raskeste til å komme. Endelig var bussen stappende full, og Johan startet opp.

Så var det en kar, som kom ut på trappa fra danselokalet, i bare skjorta, halvveis opprevet. Jo, det var han (---). Han sanset plutselig at bussen var satt i bevegelse, og langet ut med store skritt, det beste han vann, nådde igjen bussen, fikk tak i tak-stigen bak på bussen, og svingte seg opp i den. Så klatret han opp på busstaket. Der var det en ganske lav takgrind rundt kanten som han holdt seg fast i. Ungdommer helt bakerst i bussen så at (---) kom løpende og at han klatret opp på taket. De ropte fremover at Johan måtte stoppe, men sang og skrål i bussen overdøyvet det hele. Johan visste ikke om noen verdens ting og fortsatte kjøringen. Ungdommene åpnet opp den bakerste takluka og fikk kontakt med (---) oppe på taket. Han holdt seg godt fast der han lå på taket, så det var ingen fare.

Vel fremme på Ivesdal kjørte bussen til sides, og ungdommer skulle gå av. Dette merket (---) som satt på taket. Straks bussen stanset kom han ned på marka, og opp på langsida av bussen. Her var det mye sole og skitt. Han satte seg fast i gjørma, rett og slett, og kom ikke frem til døra før denne lukket, og bussen i bevegelse igjen. Han opp på taket på ny, og ble der til neste stopp, som var på Hegelstad. Denne gangen var han rask, må vite, for som en vind ned stigen igjen, og nådde denne gangen frem til bussdøra. Vel inne i bussen oppdaget alle at han manglet en sko. Denne hadde satt seg fast i gjørma på Ivesdal. Slik kom (---) til Bjerkreim, skolaus og i en sundrevet åpen skjorte.

\*

## MOPEDISTEN GÅR I FELLA

På Odland var det mange kirsebærtre, det hadde det vært heilt fra gammel tid av, og Jakob pleide å sette kirsebærvin av bæra. Så var det en søndag at en del ungdommer skulle til Jakob og smake på vinen. Et par av dem kom kjørende med traktor. Dette oppdaget Fredrik, lensmannen i bygda. Han fryktet det aller verste, at de brukte traktorene når de skulle heim igjen.

Fredrik tok beina fatt og stilte seg opp i pakkhuset hos Dagfinn, som stod like ved vegen. Derfra hadde han god oversikt over tilstanden inne hos Jakob, om traktorene stod urørte.

Mens Fredrik stod og speidet innover vegen, kom det en mopedist kjørende langt innenfra Jakob sitt hus. En gang var han på den ene siden av vegen, rett som det var kom han kjørende på andre siden av vegen. Da var lovens arm kort! Når mopedisten var like ved pakkhuset, steig Fredrik ut i vegen og fakket mannen. Det var som lensmannen fryktet, han var langt fra i en tilstand til å kunne kjøre.

Fredrik måtte etterhvert gi seg med vaktholdet, ingen ting skjedde hos Jakob, men han hadde likevel fått god fangst denne dagen.

\*

## ERLING BLIR FORBIKJØRT

Erling var bussjåfør, og var en slagferdig mann. Han kunne gi de riktige ordene fra seg. Så var det en gang han kjørte buss og la merke med en bil som lå like bak og blinket og ville forbi. Bussen kjørte oppover Søylandsalen, og det gjekk ikke fort nok på grusvegen. Erling fant så et

passende sted og slapp bilen forbi. Og bilen av sted så råket stod.

Etter et kort stykke på vegen, de var ikke kommet lenger enn til Buevika, såg Erling at bilen stod i grøfta. Erling sveivet ned vinduet og ropte mot mannen i veikanten: «*Hadde æg bara visst at du inkje sko lengar, så hadde æg allre sleppt deg forbi!*» Og Erling, han kjørte videre som om ingen ting var skjedd...

\*

## DEN LÅGE JERNBANEUNDERGANGEN

Erling hadde med seg en del fremmedfolk som var med bussen på tur. De kom til en lav jernbaneundergang på vegen. Like før de skulle under den, snudde Erling seg bakover i bussen og ropte høgt og tydelig til alle: «*Hør æ dæ lågt, de må bøya dokke!!*», hvorpå folka boyde seg ned i setene sine...

\*

## VILHELM MÅ RYGGE TILBAKE

Palmer var kommet tilbake fra heia. Han var på Bjerkreim og skulle heim til Hytland. Dette var i begynnelsen av 1950-åra. Vilhelm tilbød seg å kjøre ham heim med bilen sin. Vegen til Hytland gikk i den tid opp de bratte Hytlandsbakken fra Odlandstøet, og var ingen bilveg, men det hadde vært biler oppe før.

Palmer kunne fortelle at de hadde planer om å utbedre vegen helt på toppen av bakkene. Dette var det bratteste stykket, og her var det svært smalt. Vegen gikk i en skarp sving, og så var det den stupbratteste skråningen rett utfor vegen. En riktig stygg vegstrekning var det. Palmer var sikker på at de ikke hadde startet veiarbeidet, det skulle gjøres senere på sommeren, så vegen var klar like til toppen.

De kjørte oppover vegen fra Odlandstøet, og det gikk godt, selv om vegen var styggelig bratt flere steder. Men når de kom på toppen, var vegen sperret. De hadde startet veiarbeidet tidligere enn planlagt, nå mens Palmer var i heia. Da var det ikke annet å gjøre enn å rygge ned bakkene like til Odlandstøet, det fantes ingen steder å kunne snu.

God fornøyelse for den som vil gjøre dette etter! I dag ligger vegen for det meste sammenrast, men det er en gangsti langs hele strekningen like til topps. Ta deg en fottur opp bakkene, så ser du med selvsyn hva denne ryggeturen innebar.

\*

## Å NÅ TOGET

Sjåføren kjørte Bjerkreimsbussen på veg til Sandnes. En av passasjerene hadde spurta ham da han kom på, om han nådde toget. «*Det ska kje sjela møgje*», fekk han til svar. Da de kom på toppen av Austråttbakken og såg ned til jernbanen, såg de toget signa ut frå stasjonen. «*Der fære toge!*», skreik mannen. Da kom det turt fra sjåføren; «*Eg sae atta dæ sko kje fela mødje*».

Det vært fortalt den samme historien i Ryfylke om sjåføren på Haga Buss som skulle nå fjordabåten, hva som er originalen er uvisst.

\*

## Å HENGA I HOP

Det var slik at i 1930-åra, så samlast ungdommen seg om søndagskvelder under Berlandsbakken på Heia. Da kom Martin ned med trekkspellet sitt, og dansen gjekk livlig her i vegkrysset. Olai hadde trøye med store knapper, som filtra seg fast i det lange håret til Borghild. Da dansen var slutt hang de i hop. «*Nei, sjå dettan!*» sa Borghild, og slo seg i hendene – «*nå henge me ihob akkorat så honnane!*»

\*

## DE TRAFF EN FANT

Anbjørn var mongoloid og kvar søndag hadde han kontortid heime hjå Eivind i sjukekassen. Der satt han og skreiv i ei bok, og så rusla han heim att til non. På veg heim kom broren Per, ifrå Sandnes. Da de møttes verken helsa eller snakka de med hverandre. Per ville ha litt moro med Anbjørn da han kom heim att, og sa: «*Æg treffte en fant i Assarhodlen då æg kom i dag!*» - «*Treffte an, æg au!*», svara Anbjørn.

\*

## HUNDEN PASSER BILEN

Frantz var lastebilsjåfør og hadde med hunden Bamse, når han var ute og kørde. Hunden sat i bilen og ingen fekk koma inn der når Franz var på byen og gjorde ærend for folk. Ein dag han stoppa utanfor butikken og var oppe på kontoret i andre etasje, hørerde dei eit lurveleven i bilen. Det var ein politimann som oppdaga at nøkkelen stod i tenninga. Han ville ta med seg nøklane og så kunne vedkomande kome til politikontoret og hente dei. Då politiet ville ta nøklane, beit hunden etter han. Det samla seg mykje folk, og politimannen ville ikkje tape ansikt, så han reiv opp døra og skulle nappe ut nøklane. Då beit hunden han slik at det vart blodspor på gata. Politimannen måtte kapitulere til stor fornøyelse for publikum.

\*

## MISTA ØYRENE

Frantz var på tur oppover Søylandsdalen, midt i teleløysinga med tungt lass. Så fekk han Aftenbladet sin journalist etter seg. Han tuta og bles, men Frantz kørde midt i vegen til han kom så langt att det var trygt å sleppe han forbi. Då var journalisten passeleg arg, stoppa bilen og skjelte ut Frantz; «*He du mysta øyrene du?*» – då spurte Franz; «*Kæ då, hæ du fonne di?*».

\*

## HAN TOK VINDSKEIA

Kvar onsdag gjekk det varerute frå Forbruken og ut på Torveheia. Heime hjå Erling var det trøngt, slik at lastebilen tok med seg windskeia på løa. «*Å vett du kæ den kroppen sae – atta den sko vel ner en gong ligavel.*»

\*

## HADDE LÅNT TO PATRONAR

Arthur var ein ivrige jæger, ja både hare, rev og ørn måtte bøta med livet. Ein gong gjekk han lens for patronar. Men til alt hell, så råka han på Velle og fekk låna to av han. Dette gløymde Arthur og det gjekk mange år, men Velle gløymde det ikkje. Nå var Velle diplomatiske, så han ville ikkje krevja Arthur for bare to patronar. Velle var nøyne på det, og det var fleire han rekna opp som hadde lånt av han. «*Ja,*» sa Arthur, «*det æ godt atta inkje eg æ skuldige någe.*» Då kom det frå Velle – «*to patrona!*»

\*

## BARE 8 OM GONGEN

Her var teltveke på Bjerkeim, folk kom til fots og andre kom syklande. Andre fylte gardastebilen med folk og drog til teltet. Tønes hadde lang veg, og her hadde mange stuva seg sammen bak på lastebilen. Lensmann Ketil var ute på kontroll og han hadde observert at nokon lasta på så lenge det var ståplass på lasteplanet. Tønes fekk klar beskjed om at han hadde for mykje folk med seg – «*du må lessa av.*» «*Kæffornåge, vil du nekta meg å kjøra folk te himmels au nå?*» «*Nei,*» svara lensmannen, «*men inkje meir enn åtta om gonje.*»

\*

## ORDBLIND

Dette var på Bjerkeimskulen, Klaus skulle høre skulebarna i land-kunnskap og hadde trekt ned det store kartet som viste Skandinavia. Så var det (---) som skulle fram og vise kva sjøen heiter imellom Danmark og Sverige. Han såg lenge på kartet og leste lågt med seg sjølv; «*K – A – T – T – E – G – A – T*» – og så kom det plutselig; «*Kattaskaret!*»

\*

## HEILT I ANDRE TANKER

Klaus skulle høre (---) i heimeleksa, men (---) hadde ikkje sett i boka denne gongen. Han stod ved sida av pulten og var fåmælt. Han såg helst ut gjennom vindauge mens Klaus spurte og grov. Så plutselig slo han ut med armen og peika ut; «*Sjå katten på mone!*» Og der gjekk det sannelig ein katt og spankulerte på mone-kammen på den gamle Klokkerløa.

\*

## VAR DEI SJENKTE?

To ungdomar kjørte utfør vegen og der stod bilen. Erling kom forbi med Taxien like etter, så dei reiste frå bilen og tok Taxien heim. Lensmannsbetjenten troppa seinare opp heime hjå Erling og ville veta om dei var sjenkte. «*Å nei,*» sa Erling «*dei maste bara så tålegt!*»

\*

## PREDIKANT TOLLEF HYTLAND

Tollef Hytland (1857-1920) helt oppbyggelse-møter kringom i heimane. Han brukte pussige uttrykksmåter og kom fram med det som før ham i tanken. Ein gong han stod og talte, skrapte det på døra. Ein mann på eit av forsetene gjekk til døra og lukte opp. Og inn kom ein hund. Då sa Hytland: «*Ja, fø honnane kan dei lokka opp når di skrabe på døre, men når Herren skrabe på hjærtedøre, så helle di na atte.*»

\*

## PREDIKANTEN KNUD SPØDERVOLD

Den kjente predikanten Knud Spødervold (1791-1848) kom ein gong gåande på ein veg i Sola. Ei jente kom i mot ham, hun gjekk og spøtte og var i eigne og djupe tankar, og sansa ikkje mannen som ho gjekk til møtes med.

Spødervold var alltid lik seg sjølv.

- «*Kenn æ dæ så eige hjærtet ditt?*» spurte han henne.
- «*Ein gut i frå Sola,*» svarte jenta.
- «*Å, du tru du æ på rette veien då?*»
- «*Ja,*» svarte jenta, «*dette æ veien te Sola!*»

Ho avspora han heilt.

\*

## TIL MØTES MED LENSMANNSBETJENTEN

I Bjerkreim er det mange som har vore ute på bilkjøring lenge før aldersgrensa. Slik var det også med Odd Inge. Han fortel at han ikkje veit kor gamal han var den første gong han fekk kjørte lastebilen til far sin, men det veit han; han hadde enda ikkje lært gogetabellen.

Så var det ein gong han fekk være med å kjøre lastebilen med snøplogen. Pappa sat med sida, og dei skulle oppover Heia og brøtyta. Pappa hadde på seg ei sikspensluta, denne gjekk han med alltid. Odd Inge meiner han bare hadde av seg lua når han gjekk til sengs.

Komne like under Liabakken, fekk dei sjå lensmannsbetjenten kome kjørande nedover bakken. Pappa var snar i snuen, treiv lua si og sette den på hovudet til Odd Inge, og dukka sjølv raskt ned bak dashborDET i førarhuset. Lensmannsbetjenten kjørte forbi, om han helste, hugsar Odd Inge ikkje.

\*

## NYLAGT I BAKAROGNEN

Det var 30 år sidan at konfirmantane «gjekk for presten», og dei skulle samlast på COVENT for ei minnestund i lag (1986). Så laga dei det til slik at alle skulle reisa seg og fortelja litt om seg sjølv etter at dei vart konfirmerte.

Jarl reiste seg først og kunne fortelja at han nettopp hadde vorte bestefar. Sidan reiste Joakim seg og fortalte at han nettopp hadde vorte far. Og seinare reiste Jonas seg og kunne fortelja at han nettopp hadde «*lagt inn ein i bakarognen*».

\*

## DEN NYE SKULE-ELEVEN

Ein dag Klaus (K.G.M.) Bjerkreim skulte i Lauperak, kom det ein ny elev, ein stor gut, og Klaus ville skriva inn kor gamal han var. «*Du kan hoglegt skriva 10 år,*» sa guten.

\*

## GALT SNAKK

Ein man kom ein bekmørk kveld kjørande frå byen. Han hadde hengt lykta på sida av kjerra så han kunne sjå om hjulet følgde hjulsporet. Då han kom til Tengesdal, bles lykta ut. Og så gjekk han til Per Jensen og ville låna ein fyrstikkdåse.

Då han kom inn i bislaget, stod der ein masse tresko, og då der var mørkt, ramla han inn i tresko kvar han trødde. Han banka på døra og gjekk inn. «*God kveld! Kan eg få låna ein tresko, for lykta mi bles ut?*» sa han.

\*

## DEN VANSKELIGE BJERKREIMDIALEKTEN

Det var ein sommardag ein gut i Bjordal skulle gå og lesa for presten på Bjerkreim, men det var slik flaum den dagen at han slapp ikkje over Lonæ og måtte vera heime den dagen. Men neste lesardag møtte han fram, og presten spurde kvifor han ikkje møtte fram gongen føre. «*Eg slapp kje øve Lonæ,*» svarte guten. «*Hva siger du?*» spurte presten. «*Eg slapp kje øve Lonæ,*» gjentok guten. Men presten forstod slett ikkje kva han meinte, så han spurte guten ved sida: «*Hva er det kameraten din egentlig sier?*» - - «*Han seie;* «*Han slapp kje øve Lonæ!*» svarte guten med grovt mål. - - «*Javel, javel,*» sa presten og noterte ned i boka si: «Forsommelseårsak: Æslappkjøvelonæ!»

\*

## DEI FANGER TJUVEN

Tidleg ein morgen mens Per Jensen (1858-1949) på Tengesdal stod i bislaget og skulle ut og stella i fjoset, høyrdet han det ropte med høgt mål: «*Kom og hjelp meg og ta tjuven!*» Det var lensmann Tollef Gjedrem som stod der og batt hesten til ein gjerdestolpe. «*Per kom og vær med og ta tjuven!*» ropte han og sprang inn rækje og kasta frakken i farten. Han svingde opp kurægje til skulehuset der han ein gong hadde skult.

Per Jensen og Lars, bror hans, såg at tjuven stod bak ei stor bjørk og drog opp buksene sine og knapte att selane. Så sette han på sprang mot husa, men då han såg Per og Lars, snudde han og sprang opp den vegen. Og Per og Lars etter han. Med eitt kom lensmannen rett på han og flaug på han som ein katt som tek ei rotte, og helt han og sette på han handjernet. «*Nå kan du ha det så godt, nå vert du ikkje fri jernet om du skal løysa buksene aldri så mykje,*» sa lensmannen. Tjuven hadde nemlig bedt fint om å bli løyst, han måtte så plent på do, sa han.

Per Jensen var sterk, han sette tjuven kraftig ned på kjerra. «*Der sede du!*» sa han. Og der sat han til lensmannen hadde kjørt han til arresten.

\*

## TRIM FOR ELDRE I FJERNSYNET

Det var frå dei første åra etter at fjernsynet hadde kome til Bjerkreim. Dei spurte ein gong ein gutunge om han fekk lov å sjå når dei danste i fjernsynet. «*Nei, eg får bara lov te å sjå «Trim for eldre»*», sutra han.

\*

## OM ALKOHOL

Nokre karer i Bjerkreim sat og snakka om alkohol. Somme var for alkohol, andre i mot. «*Jamen Jesus gjorde vatn til vin,*» sa ein. «*Dør gjore Jesus en skammele fadese!*» svara Willien.

\*

## DEI BORTKOMNE KVIGENE

Det måtte ein synsk mann frå Valdres til for å finna att fire bortkomne kviger i Bjerkreim. Bonden Odd tok telefonkontakt med den synske etter at han hadde leitt i månadsvis etter dei, utan å finna dei. Den synske forklarte i telefonen at han såg ei raud hytta attmed eit vatn, kvigene var omlag ein km. frå hytta. Og Odd fann den eine kviga nettopp der den vise hadde sagt ho var. Odd ringte då på nytt til den vise og spurte kor dei andre var. Og han svarte at dei var på den høgre sida eit stykke frå den første. Odd gjekk då omlag 50 m. til høgre frå den daude kviga, og då fann han dei andre tri i ein fjellskråning.

\*

## FRIING

Kristoffer Odland (1816-1897) skulle gå og fria for ein annan, til ei jente i Holmen. Og han gjekk og la fram ærendet og sa det han skulle seia. Men etterpå sa han: «*Nå hæ eg sagt det eg sko sia, men nå seie eg någe av meg sjøl: Du må aldre ta han, fø han ede kroppen av dokke før de får snu dokke.*»

\*

## DU SKAL BLI KÅNA MI!

Jens Moi (1814-1893) var frå Ognedal, sidan flytte han til Tengesdal. I sine unge dagar gjekk han med kramskreppa kring gardane og selde tøy. Ein dag kom han til Ågot og Lars på Helland. Dei hadde fleire born, og dei var forvitne på kva Jens hadde i skreppa si. Jens sjaua med dei og tok Siri på fanget og klemde henne inn til seg og sa på løyje: «*Du er vist ei gille jenta, når du blir voksen ska du bli kåno mi!*» - - Og sannelig vart ho det og.

\*

## MOPEDEN BRUKAR LITE BEN SIN

Martin hadde kjøpt seg ny moped, og han skrøytte av at han brukte så lite bensin. «*Du kan veda,*» fortalte han, «*han æ så å seia avholdsmann*».

\*

## OM SKAPELSEN

Då Vinje var lærar på Tengesdal (1912-17), fortalte han i småskulen om då Gud skapte Eva. «*Han tok eit sidebein frå Adam og skapte det om til ei kvinne. Derfor har mannofolka eit sidebein mindre enn kvinnofolka,*» sa han. Og det trudde borna til dei vart vaksne og fekk vita på større skular at både kvinne og mann har like mange sidebein.

\*

## EN TRUGEN TJENAR

Bjørn var styrar på Forbruken. Han var alltid ein trugen tjenar og ofra seg heil for jobben. Då Rolf skulle slutta syntes alle dette var svært leit, han hadde vore der i så mange år. «*Ja, eg hæ slede ud mange par sko,*» sa Rolf – – «*Og så hæ me skifta golvbelegg mange gångje,*» svarte Bjørn kjapt.

\*

## TRAKTORKJØRING

Dette hendte i 1962. Då var det slik at all mjølk vart kjørt inn til meieriet som spannmjølk. Dette sørgde fleire lastebiler for. Dei kjørte omkring langs hovudvegane og samla inn mjølka som var sette på mjølkeramper. Det var den enkelte bonde som sjølv måtte sørge for transporten fram til mjølkerampen.

(---) var 9 år gammal og kjørte mjølka fram til rampen. Då traff han Oslo-politiет som var ute på trafikk-kontroll. Han vart stansa og spurt om korleis dette var. «*Mor kan inkje kjøra, og far er susen,*» svara han.